

## Saksprotokoll i fylkestinget - 16.06.2021

**Stian Jean Opedal Davies (A)** sette på vegner av A, MDG, SP, SV, V, KRF fram slikt forslag:

«Alternativ - nytt punkt 2

2. Fylkestinget meiner at eit kulturkort for unge kan bidra til at fleire born og unge deltek i kulturlivet. Kostnaden for eit effektivt kulturkort er likevel høg, og fylkestinget meiner difor at ein per no bør sjå på andre tiltak som kan få same eller høgare effekt til ein lågare kostnad. Eit slikt tiltak kan vera ein kulturrabatt for unge, slik ein har i Møre og Romsdal fylkeskommune. Hovudutval for kultur, idrett og integrering får i oppgåve å arbeida vidare med korleis terskelen for deltaking i kulturlivet for barn og unge kan senkast.»

**Lise-May Sæle (H)** sette på vegner av H, FRP fram slikt forslag:

«Alternativ

Fylkestinget finn ikkje økonomisk rom for å setje i verk tiltaket Kulturkort for ungdom.»

**Kurt Johnny Hæggernæs (PP)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Eldre må og inkluderes i ordningen og utredningen.»

### Avrøysting

Innstillinga utan punkt 2 vart vedteke mot 18 røyster for Sæle sitt forslag.

Opedal Davies sitt forslag vart vedteke mot 18 røyster (H, FRP)

Hæggernæs sitt forslag fekk 9 røyster (PP, U, FNB, R) og fall.

Det vart ikkje røysta over innstillinga punkt 2.

### Vedtak

1. Fylkestinget erkjenner utfordringa med at for få born og unge gjer seg nytte av kulturtilboda som eksisterer i heile Vestland fylke. Dette gjeld særleg born og unge som kanskje aller mest hadde hatt nytte av vakre og rike kulturopplevingar. Barrierane for deltaking er mange. Økonomi er alltid ei sentral barriere, men også kjensla av manglande relevans, kjennskap og nærleik kan vera slike. Det er ei politisk oppgåve og ei oppgåve for kulturinstitusjonane å senka terskelen for deltaking for barn og unge. Difor er det riktig og viktig at Vestland fylkeskommune gjennomfører tiltak som bidreg til publikumsutvikling retta mot born og unge.

2. Fylkestinget meiner at eit kulturkort for unge kan bidra til at fleire born og unge deltek i kulturlivet. Kostnaden for eit effektivt kulturkort er likevel høg, og fylkestinget meiner difor at ein per no bør sjå på andre tiltak som kan få same eller høgare effekt til ein lågare kostnad. Eit slikt tiltak kan vera ein kulturrabatt for unge, slik ein har i Møre og Romsdal fylkeskommune. Hovudutval for kultur, idrett og integrering får i oppgåve å arbeida vidare med korleis terskelen for deltaking i kulturlivet for barn og unge kan senkast.

3. Mål og strategi for å senka terskelen til deltaking for born og unge i kultur og idrett vert teke med i arbeidet med ein ny regional plan for kultur, idrett og integrering